

# Berekraftig utvikling

«Berekraftig utvikling er ei utvikling som tilfredsstiller behova i dag utan å øydeleggje vilkåra for framtidige generasjonar for å tilfredsstille sine behov»<sup>1</sup>

FNs verdskommisjon for miljø og utvikling (Brundtlandkommisjonen) stiller opp *sustainable development* – berekraftig utvikling – som eit mål for verdssamfunnet og for dei einsskilde landa. Eit slikt mål stiller store krav til korleis vi forvaltar naturressursar og naturmiljø på jorda. Berekraftig utvikling kan forståast som ei utvikling som kan haldast ved lag over tid. Med berekraftig utvikling tenkjer ein seg ei utvikling vi og etterkommarane våre kan leve med.

Rapporten *Vår felles framtid*<sup>1</sup> knyter miljøproblem til økonomisk vekst og utvikling. Det var dei negative følgjene av den sterke økonomiske veksten i den rike delen av verda etter den andre verdskrigen som sette behovet for ei berekraftig utvikling på den internasjonale dagsordenen. Verdssamfunnet såg at ei like stor utnytting av ressursane på jorda og ureining av miljøet var i ferd med å truge livsgrunnlaget for menneska.

*Det blir trekt for mykje og for raskt på ressurskonti som alt er overtrente, ressurskapital som burde vore investert i ei tryggare framtid. Rekneskapane kan vise overskott i vår generasjon, men barna våre vil arve tapa. Vi låner miljøkapital frå framtidige generasjonar utan tanke på, eller sjansar til, å betale tilbake. Dei kan fordømme oss for feila våre og sløsinga vår, men dei kan aldri krevje inn det vi skylder dei. Vi handlar som vi gjer fordi vi kan sleppe ustraffa frå det. Framtidige generasjonar har ikkje røysterett ved vala våre; dei har inga politisk eller økonomisk makt; dei kan ikkje gå imot avgjerdene våre.*<sup>1</sup>

## Mennesket og naturen

Mennesket har alltid hausta og levd av naturen,

og miljøkatastrofar er ikkje noko nytt. Det nye er at vi set dei grunnleggjande økologiske systema under press slik at vi står i fare for å øydeleggje vilkåra for å hauste i framtida. Biletleg talt et vi av såkornet.

*Men følgjene av sløsinga i dag gir raskt snevre valsituasjonar for kommande generasjonar. Dei fleste av avgjerdstakarane i dag er borte før jorda får røyne dei alvorlege langtidsverknadene av sur nedbør, global temperaturstiging, uttynning av ozonlaget, omfattande ørkenspreiing og at levande artar blir utrydda. Derimot vil dei fleste av dei som er ungdommar i dag, framleis leve.*<sup>1</sup>

I vår del av verda kan diskusjonen synast fjern fordi den materielle levestandarden vår er så høg.

- *Etter førebels funn var raten for avskoging i tropane i gjennomsnitt ein prosent årleg i 1980-åra. Det er nok til å utrydde frå to til åtte prosent av artane på jorda innan 25 år. Ein reknar med at om lag 17 prosent av jordsmonnet i verda har vorte dårlegare som eit resultat av menneskeleg aktivitet.*
- *Omtrent eit dusin land forbruker no nesten alt av, eller til og med meir enn, den totale årlege tilførselen dei har av ferskvatn som kan fornyast.*
- *Nokre av dei store fiskeførekommstane i verda blir no hausta i ei takt som ikkje kan haldast ved lag.*<sup>2</sup>

## Fattigdom og miljø

Det er ein nær samanheng mellom fattigdom, miljøproblem og økonomisk utvikling. Mange alvorlege miljøproblem kjem av fattigdom, som leier til auka press mot naturressursane. Dei som dyrkar jorda, har alltid visst at å ete av såkornet er den aller siste løysinga.

*Dei som er fattige og svoltne, øydelegg ofte miljøet rundt seg for å kunne overleve: Dei hogg ned skogar, krøttera deira beitar for mykje på grasmarkene, dei*

<sup>1</sup> Vår felles framtid: Rapport frå Verdiskommisjonen for miljø og utvikling, 1987.

<sup>2</sup> UNEP, Environmental Data Report 1993-94. SFTs omsetjing.

*driv rovdrift på marginal jord, og dei strøymer inn til overfylte byar i stadig større mengder. Verknadene er så vidtrekkande at at dei gjer sjølve fattigdommen til ei global svepe.*<sup>1</sup>

Det er ikkje rart at folket i fattige land driv kortsiktig utpining av jorda og naturressursar for å overleve. Men kan vi forsvare at vi i den rike delen av verda øydelegg det økologiske livsgrunnlaget med dei miljøproblema vårt leve-sett og høge forbruk skaper?

Å kjempe mot fattigdom blir eit kjernepunkt i arbeidet for å skape ei berekraftig utvikling. Økonomisk vekst for dei fattigaste og ei meir rettferdig fordeling av velstanden er uløysleg knytt til omgrepet berekraftig utvikling. Verds-kommisjonen slo fast at det er mogleg å skape ei berekraftig utvikling trass i dei alvorlege problema og dei mange negative utviklingstrekk vi kan sjå. For å løyse fattigdoms-, miljø- og ressurs-problema er økonomisk vekst nødvendig – for utviklingslanda. Ein føresetnad er at veksten tek vare på ressurs- og miljøgrunnlaget i langt sterkare grad enn i dag.

### Rio-konferansen<sup>3</sup>

Verdskommisjonen for miljø og utvikling sette fart i det internasjonale arbeidet for ei berekraftig utvikling. Rio-konferansen resulterte i to multilaterale konvensjonar om klimaendringar og biologisk mangfald, ei prinsippfråsegn om berekraftig utvikling (Rio-erklæringa), prinsippa om berekraftig skogforvaltning og Agenda 21, som er ein handlingsplan for samarbeid om miljø- og utviklingsproblem. Delar av denne politikken blir no innarbeidde i den norske miljøpolitikken. Mellom anna går det føre seg eit arbeid lokalt med å få til berekraftige lokal-samfunn.

### Berekraftig produksjon og forbruk

Symposiet om berekraftig forbruk i 1994, og konferansen om berekraftig produksjon og forbruk (Oslo Ministerial Roundtable) i 1995, strekar under at industrilanda har eit spesielt ansvar

for å gå i brodden for arbeidet med å endre forbruk og produksjon slik at vi får ei utvikling som er berekraftig. Som industriland og medlem av verdskommisjonen for ei berekraftig utvikling, pliktar Noreg å sjå på vekst, forbruk og produksjon for å redusere dei negative miljøkonsekvensane. Det kan gjerast på to måtar: Vi kan *redusere* veksten i produksjon og forbruk, eller vi kan *endre innhaldet i veksten*.

Somme hevdar at generasjonen vår har ureina like mykje og forbrukt like mykje naturressursar som alle som levde før 1950. Å redusere produksjon og forbruk handlar eigentleg om kva vi legg i omgrepet velferd, eller det somme vil kalle livskvalitet. Inntekt og forbruk heng nært saman med status og oppfatninga vår av det gode livet. Det ser vi mellom anna ved dei årlege lønnsoppgjera og i diskusjonen om fellesgoda i samfunnet. Livskvalitet blir i vår del av verda knytt til forbruk. Å nøye seg med mindre, er eit brott med det vi oppfattar som velferd. Men kor mykje meir nøgde blir vi av å kjøpe fleire produkt? Ønsket om meir fritid i staden for auka kjøpekraft, har så smått komme opp i forhandlingar i yrkeslivet.

I tillegg til å sjå på forbruksveksten er det viktig å sjå på innhaldet i veksten. Vi kan vri forbruket mot meir miljøvennlege produkt, og vi kan betre teknologien slik at produksjonen, eller bruken av produkta, gir færre skadar på miljøet.

Vi har ulike og motstridande utviklingstrekk i Noreg. Industriutslappa har gått dramatisk ned dei siste 20 åra. Nye bilmotorar bruker mindre bensin, og dei fører derfor til mindre drivhus-effekt. Det er positivt for innhaldet i veksten, men totaleffekten blir negativ dersom vi likevel kjører fleire kilometer.

### Eit felles ansvar

Bodskapen i omgrepet berekraftig utvikling gjeld oss alle. I vår tid er vi samanvovne gjennom avtalar og konvensjonar, institusjonar, kommunikasjon, handel og politiske avgjerder. Grenseoverskridande miljøtrugsmål og aukande

<sup>3</sup> FNs konferanse om miljø og utvikling, Rio de Janeiro, Brasil 1992.

fattigdom for store delar av folket på jorda, viser at det trengst internasjonalt samarbeid på tvers av landegrensene. Mange av dei alvorlege trugs-måla mot økosystema er retta mot oss alle. Ut-slepp av klimagassar og ozonreducerande stoff, aukar drivhuseffekten like mykje, uavhengig av om utsleppet skjer i Beijing eller i Oslo. Kjemikal kan vere produserte i ein del av verda og gi skade-verknader når dei blir brukte i ein annan verds-del. Miljøgifter kryssar landegrensar og blir førte til nye kontinent med havstraumar og luft-straumar. Landa må ha felles mål og bere eventuelle økonomiske byrder ved ein meir miljø-vennleg politikk.

Å løyse internasjonale problem gjennom konvensjonar og plikter føreset at kvar einskild stat er medveten om ansvaret sitt og held sin del av avtalen. For å nå ei internasjonal mål-setjing om ei berekraftig utvikling må kvart land vere villig til å oppfylle pliktene sine.

Korleis kvar einskild av oss lever og ter oss, kan verke uviktig i den store samanhengen, men summen av handlingane våre påverkar økosystema, som er grunnlaget for at vi kan verne om fellesressursane. Kvar einskild av oss står overfor val som påverkar naturen og øko-systema vi er avhengige av. På same måte som internasjonalt samarbeid føreset at landa opp-fyller pliktene sine, er det nasjonale bidraget vårt til ei berekraftig utvikling avhengig av at kvar einskild av oss tek ansvar for å leve innan-for dei grensene økosystema set. Bodskapen som ligg i ei berekraftig utvikling, gjeld derfor kvar einskild av oss og den felles kulturen vi byggjer.

### Er alt like viktig?

Somme miljøproblem kan vere ubehagelege, men ikkje nødvendigvis farlege eller direkte livstrugande, medan andre trugar eksistensen vår på lang sikt. I daglegtale bruker vi ordet miljøproblem om så ulike ting som forsøpling av fellesområde og klimaendringar. Arbeidet med å få til ei berekraftig utvikling tek utgangspunkt i behova til menneska. Behovet for mat og reint

vatn er grunnleggjande, medan andre behov er knytte til livskvalitet eller velferd.


Mennesket kan ikkje leve utan å få dekt grunn-leggjande behov, og vi er heilt avhengige av at desse livsunderstøttande økosystema ikkje blir dårlegare eller blir øydelagde. Reduksjon av det biologiske mangfaldet, auka konsentrasjon av klimagassar i atmosfæren, spreining av miljøgifter i miljøet og nedbryting av ozonlaget er miljø-problem som trugar dei livsunderstøttande systema. Dersom vi skal nå målet om ikkje å øydeleggje vilkåra for framtidige generasjonar for å overleve, er vi nøydde til å kjempe mot desse miljøproblema.

I vår eiga vurdering av livskvalitet eller vel-ferd tek vi med mange gode eller trekk ved omgivnadene, som vi vurderer som viktige for oss. Dersom vi gjennom aktiviteten vår gjer desse goda dårlegare eller øydelegg dei, kan resultatet i mange tilfelle bli fatalt. Mange inngrep er irre-versible, som til dømes det å øydeleggje eit kulturminne eller eit særprega areal.

Økosystema kan tole ein viss menneskeleg påverknad utan at det fører til dramatiske endringar. Vi må akseptere at naturen og miljøet endrar seg på grunn av at vi lever her. Men dersom vi verkeleg ønskjer ei berekraftig utvikling, blir vi nøydde til å prioritere og gjere noko med miljøproblema som trugar dei livsunder-støttande økosystema. Det kan gå ut over den kortsiktige velferda vår, men kan sikre kommande generasjonar. Valet er vårt.

### Drivkrefter i utviklinga

Miljøproblem og verdival heng saman. Som ein illustrasjon på kor kompleks det er å få til ei berekraftig utvikling, presenterer vi på neste side ei skisse:



Drivkrefter i utviklinga som påverkar arbeidet med å få til ei bærekraftig utvikling.  
Kjelde: Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Stortingsmelding nr. 58, 1997.